



Sveio kommune



## **Alkoholpolitiske retningslinjer for Sveio kommune, løyveperiode 2020 – 2024**



# **Alkoholpolitiske retningsliner for Sveio kommune, løyveperiode 2020 – 2024**

## **Forord**

Det er lovpålagt at det skal utarbeidast en kommunal alkoholpolitisk handlingsplan, jf. alkoholova § 1 -7d, derfor er det laga Ruspolitisk handlingsplan for Sveio kommune. Den er ein overordna plan som ikkje må fornyast kvar kommunestyreperiode, men fornying skjer etter behov.

Dei alkoholpolitiske retningslinene skal ha ein gjennomgang etter at eit nytt kommunestyre er tiltredd. For å forenkle prosessen, er alkoholpolitiske retningsliner trekt ut av Ruspolitisk handlingsplan for Sveio kommune. Saman med denne endringa, forenklast også strukturen på dei alkoholpolitiske retningslinene, men innhaldet er det same.

## **Innhald:**

- 1. Generelt**
- 2. Skjenkeløyve**
- 3. Opnings- og lukketider for serveringsstadene m.m.**
- 4. Tidspunkt for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk**
- 5. Ansvar og mynde**
- 6. Andre forhold**
- 7. Retningsliner for reaksjonar på brot**



## 1. Generelt

### 1.1 Generelt

Dei alkoholpolitiske retningslinene som blir presentert her gjeld for løyveperioden 2020 til 2024, og er grunnlag for tildeling av løyve for sal og skjenking av alkohol i denne perioden. Den enkelte søknaden om sal- og skjenkeløyve for alkohol skal behandlast i samsvar med dei alkoholpolitiske retningslinene.

Det er alkohollova og alkoholforskrifta som legg grunnlag for retningslinene. Alkohollova gjeld for alle område innan sal og skjenking av alkoholhaldige drikkevarer.

### 1.2 Mål

Det overordna målet i Ruspolitisk handlingsplan og alkoholpolitiske retningsliner for Sveio kommune, er å redusere dei negative konsekvensane som rusmiddelbruk har for einskildpersonar og samfunnet, og å fremje fleire friske leveår for Sveibuen. Eit viktig verkemiddel for å oppnå eit slikt mål, er å ha ein omsetnad- og salspraksis som er restriktiv og kontrollert. Viser her til del 1 av Ruspolitisk handlingsplan, punkt 3.2 Mål for rusmiddelarbeidet i Sveio kommune.

Løyvepolitikken skal kunne føreseiast og med retningsliner som gir næringa godt driftsgrunnlag og konkurransevilkår. Kontroll av tildelte løyver skal sikre at sal og skjenking skjer i tråd med lov og retningsliner.

### 1.3 Løyveperioden

Frå 01.01.16 kom det ein endring i alkohollova § 1-6 som inneber at kommunale sals- og skjenkeløyver ikkje må gå ut etter fire år. Det er blitt innført ein regel om unntak som gir kommunen moglegheit til å avgjere at alle eller enkelte løyver kan videreførast i inntil fire nye år utan krav om søknad om nytt løyve. I Sveio kommune vil alle salsløyver som ikkje har blitt tildelt prikkar i løyveperioden, kunne bli vidareført. Skjenkeløyver må søkjast på nytt etter enda løyveperiode.

Søknadar om sals- og skjenkeløyve blir behandla fortløpande.



Søknadar som gjeld skjenkeløyve for einskildhøve må vere mottatt seinast 3 veker før arrangementet.

Søknadar om ambulerande skjenkeløyve må vere kome inn seinast 2 veker før arrangementet skal vere. Behandlingstida tek ca. ei veke.

#### **1.4 Ved tildeling og fornying av løyver**

Det skal leggast vekt på om søkjar er å sjå på som eigna til å ha sals- eller skjenkeløyve ved tildeling og fornying av løyve. Alkoholloven sin § 1-7 b og c, og det blir tatt omsyn til tidlegare erfaring med søkjaren si utøving av løyvet som:

- brot på vilkår som er sett for løyvet
- brot på skjenke- eller aldersreglar
- endring av driftskonsept utan godkjenning
- klanderverdige ordensforhold ved serveringsstaden
- brot på reklamereglane

## **2. Skjenkeløyve**

### **2.1 Tildeling**

Ved tildeling av løyve for både faste og einskildhøve skal det leggast vekt på tal på sals- og skjenkestader, målgruppe, staden der det er søkt om løyve, trafikk og ordensmessige tilhøve.

### **2.2 Unntatt løyve**

Det blir ikkje gitt skjenkeløyve til følgjande:

- Det blir ikkje gitt alminneleg skjenkeløyve til bedrifter knytt til skular og barnehagar.
- Det blir som hovudregel ikkje gitt skjenkeløyve ved idrettsarrangement og arrangement som er retta mot på barn og unge.
- Det blir ikkje tildelt skjenkeløyve i kjøpesenter/butikkområde i tidsrommet når butikkane har ope. Skjenkeområdet må vere tydeleg avgrensa, men ikkje nødvendig med faste veggjar.
- Det blir ikkje gitt skjenkeløyve til gatekjøkken, bensinstasjonar, kioskar og liknande, jf. alkoholforskrifta Kap. 3 - § 3-4.



### **2.3 Idrettshallar og fleirbruksarenaer**

Skjenking i idrettshallar og fleirbruksarenaer. Det kan gjevast skjenkeløyve til idrettshallar og fleirbruksarenaer når skjenketida ikkje omfattar skuletida.

### **2.4 Ambulerande skjenkeløyve og skjenkeløyve for einskildhøve**

Kommunestyret kan tildele ambulerande løyver jf. alkoholovens § 4-5. Tal på ambulerande skjenkeløyver står i KOM-vedtak for gjeldande periode, som heiter ambulerande skjenkeløyve og skjenkeløyve for einskildhøve – perioden 2020-2024. Ambulerande løyve blir berre gitt til slutta lag etter søknad retta til kommunen. Definisjon av slutta lag skal til ei kvar tid tolkast ut frå det alkoholova og tilhøyrande regelverk ligg til grunn. Søknadar om ambulerande skjenkeløyve må vere kome inn seinast 2 veker før arrangementet skal vere. Behandlingstida tek ca. ei veke.

Søknadar som gjeld skjenkeløyve for einskildhøve må vere mottatt seinast 3 veker før arrangementet.

### **2.5 Vakthald og ansvar**

Løyvehavar har ansvar for å sørkje for tilstrekkeleg vakthald. Arrangementet må meldast inn til politiet. Løyvehavar er ansvarleg for at lov, forskrifter og reglar blir følgt og må gi tilstrekkeleg opplæring til vaktar og anna personell.

## **3. Opnings- og lukketider for serveringsstadene**

### **Innandørs:**

Serveringsstader utan skjenkeløyve kan halde ope heile døgnet.

Serveringsstader med skjenkeløyve innandørs, skal halde stengt frå 03.00 – 06.00.

### **Utandørs:**

Serveringsstaden sine lokal utandørs skal vere tydeleg avgrensa. Kart som viser arealet kvar det er lov å ta med seg mat og drikke skal vere oppslått på ein stad der gjestar og kontrollørar lett kan sjå det.



Servering utandørs, **med eller utan skjenkeløyve**, skal halde stengt frå kl. 01.30 – 09.00.

Det kan serverast og skjenkast utandørs alle månader i året.

#### **4. Tidspunkt for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk**

##### **4.1 Skjenketider alminneleg skjenkeløyve innandørs/utandørs:**

Alkoholhaldig drikk gr. 1 og 2 / inneheld mindre enn 22 volumprosent alkohol

Alle dagar kl. 12.00 – 02.00

Alkoholhaldig drikk gr. 3 / inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol:

Alle dagar kl. 13.00 – 01.00

All skjenking må avsluttast seinast ½ time før serveringsstaden stenger.

På overnattingsstader kan det skjenkast øl og vin til overnattingsgjester utan tidsinnskrenking.

I lokal med skjenkeløyve har mindreårige ikkje adgang etter kl 22.00.

Aldersgrensa gjeld ikkje ved lukka arrangement.

##### **4.2 Ambulerande skjenkeløyve og skjenkeløyve for einskildhøve**

Dei same skjenketidene som ovanfor gjeld også for ambulerande skjenkeløyve og einskildhøve.

All skjenking må avsluttast ½ time før serveringsstaden stenger.

Arrangement som har løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk gr. 1 og 2 skal ha 18 års aldersgrense for heile arrangementet. Aldersgrensa gjeld ikkje ved lukka arrangement.

Arrangement som har løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk gr. 1, 2 og 3 skal ha 20 års aldersgrense for heile arrangementet. Aldersgrensa gjeld ikkje ved lukka arrangement.

Ved større arrangement vil det ikke blir gjeve rett til skjenking av alkoholhaldig drikk, gruppe 3 (brennevin).



### **4.3 Salsløyve:**

Tider for sal og utlevering av alkoholholdig drikke, gruppe 1:

Måndag til fredag kl. 08.00 til 20.00

Laurdag kl. 08.00 til 18.00

På laurdagar og dagar før heilagdagar, med unntak av dagen før Kristi Himmelfartsdag, skal sal av alkoholholdig drikk gr. 1 vere stengt frå kl. 18.00.

Nyttårsaftan, påskeaftan, pinseaftan og julaftan skal sal av alkoholholdig drikk gr. 1 vere stengt frå kl. 15.00.

Det er ikkje tillate å selgje alkoholholdig drikk gr. 1 på søndagar, heilagdagar, 1. mai og 17. mai.

Alkoholholdig drikk gr.1 skal vere dekt til utanom salstida.

Det er ikkje tillate å plassere alkoholholdig drikk i same kjøleskap som alkoholfri drikk.

## **5. Ansvar og mynde**

**5.1** Mynde til å gje serverings-, skjenke- og salsløyve ligg i kommunestyret, jf. serveringslova og alkohollova § 1-7. Kommunestyret har i KOM 076/12 delegert mynde til å gje serveringsløyve, ambulerande løyve og løyve for einskildhøve til rådmannen.

**5.2** Rådmannen er delegert mynde til:

5.2.1 å godkjenne bruk av ambulerande løyve.

5.2.2 å tildele løyve for einskildhøve, inkludert godkjenne skjenkestad og styrar/avløysar.

5.2.3 å godkjenne utviding av skjenkelokale eller bruk av løyve utanfor fast skjenkestad for eit einskildhøve.

5.2.4 å gje dispensasjon utover fastsett skjenketid i samsvar med gjeldande lovverk.



- 5.2.5 å godkjenne ny styrar og avløyser for sals- og skjenkeløyve i gjeldande periode.
  - 5.2.6 å godkjenne utviding av arealet på lokalet til eit salsløyve.
  - 5.2.7 å inngå kontraktar med kontrollør/selskap om å utføre sal- og skjenkekontroll på vegne av kommunen.
  - 5.2.8 å gjennomføre kunnskapsprøva i alkohollova og etablerarprøva for serveringsverksemd.
  - 5.2.9 å krevje inn løyvegebyr.
  - 5.2.10 å fastsetje fristar for innsending av omsetjingsoppgåver.
  - 5.2.11 å setje fram åtvaring ved første gongs brot på alkohollova.
  - 5.2.12 å forlenge eksisterende sals- og faste skjenkeløyver for inneværende løyveperiode; 01.07.2020 - 30.09.2024.
- 5.3** Hovudutval helse- og omsorg (HHO) er kontrollutval for alkohollova og får delegert mynde etter alkohollova § 1-9.

## **6. Andre forhold**

### **6.1 Engrossal av alkoholhaldig drikk til løyvehaverar, einskildhøve**

Endring i alkohollova § 1-4c, frå 01.01.16, opnar for engrossal av alkoholhaldig drikk til løyvehaverar med løyve for einskildhøve.

### **6.2 Kontroll av sals- og skjenkestadene:**

Kontroll av sals- og skjenkestadene skal skje etter reglane i alkohollova og forskrifter til lova.

Alle sals- og skjenkestadar skal kontrollerast minimum ein gong pr år, og det totale talet på kontrollar skal være minimum tre gongar så mange som talet på løyver. Kontrollane skal i størst mogeleg grad gjerast i periodar og på døgnet når det er flest besøk/kundar.

Sveio kommune er med i vertskommunesamarbeidet med NoRoSun Skjenke- og Salskontroll. Sauda kommune er vertskommune for samarbeidet.





### **6.3 Innmelding av arrangement for faste skjenkeløyver**

For å kunne gjennomføre lovpålagte tal på kontrollar, skal alle av arrangement meldast inn av dei som har faste skjenkeløyver. Dette gjeld både opne og lukka arrangement.

Det skal meldast inn arrangement så snart dei er planlagt/bestilt, seinast to veker før arrangement.

### **6.4 Internkontroll**

Løyvehavar skal ha internkontroll for bedrifta si, og som en del av denne skal bedrifta gjennomføre opplæring i alkohollova for dei tilsette, jf. alkoholforskrifta kap 8. Bedrifta må ha gode, dokumenterbare rutinar for å sikre at drifta er forsvarleg og i samsvar med regelverket. Kommunen kan gi informasjon og tilby samarbeid om kompetansehevande tiltak.

### **6.5 Rapportering av omsetning**

Løyvehavar er pliktig til å rapportere til kommunen mengde omsatt alkohol for kvart år innan 15. mars påfølgjande år. Omsetningstala dannar grunnlag for utrekning av gebyr som til ei kvar tid følgjer dei maksimale satsane som er fastsett i forskrift. Gebyr for ambulerande løyve og for enkelthøve er vedteke av kommunestyret for den gjeldande periode; ambulerande skjenkeløyve og skjenkeløyve for einskildhøve – perioden 2020-2024.

### **6.6 Ansvarleg vertskap**

I kvar løyveperiode skal kommunen tilby kurs i «ansvarlig vertskap» til dagleg leiar, styrarar, avløysar og andre som har sal og/eller skjenking av alkoholhaldig drikk som sitt arbeidsfelt ved sals- og skjenkestadane i kommunen.

Alle faste skjenke- og salsløyve pliktar å stille med deltakar/deltakarar på kurs når kommunen sender ut invitasjon til «ansvarlig vertskapskurs». Same kravet blir stilt til festivalarrangørar og arrangørar som har tre einskildhøver eller meir i året.

Formålet med ordninga er å skape ein betre dialog/forståelse mellom løyvemynde og næringa, og å betre kompetansen i den enkelte bedrifta.



### **6.7 Utlevering/utkøyring av alkohol i forbindelse med bestilling og nettsal**

Alkoholloven opnar seg for løyve til bestilling og nettsal av alkohol i gruppe 1, jf. § 3-1, andre lekk. Nettbutikk som tilbyr heimkøyring og utleverer alkoholhaldige varer i Sveio kommune må ha eige løyve i kommunen for det. Utlevering og utkøyring av alkoholhaldig drikk må skje innanfor opningstidane for løyvet og følgje alkohollova og –forskrifta, som eit ordinært salsløyve.

## **7. Retningsliner for reaksjonar på brot på alkohollova, forskrift og vilkår for løyve**

**Frå 01.01.2016 blei det innført nasjonale retningsliner for brot på alkohollova jf. §10 -1 til §10-7 i alkoholforskrifta:**

*«§ 10-1. Bestemmelsene om prikktildeling og inndragning i § 10-2 til § 10-6 gjelder der kontroll gjennomført i henhold til kapittel 9 i denne forskriften eller rapport fra andre myndigheter, avdekker at innehaver av kommunal salgs- eller skjenkebevilling ikke har oppfylt sine plikter etter alkoholloven, bestemmelser gitt i medhold av alkoholloven, bestemmelser i lov eller i medhold av lov som har sammenheng med alkoholovens formål, eller plikter som følger av vilkår i bevillingsvedtaket.*

*§ 10-2. Ved overtredelser som nevnt i § 10-3 skal kommunen tildele bevillingshaver et bestemt antall prikker. Likeartede brudd avdekket ved samme kontroll skal anses som ett enkelt brudd.*

*Dersom bevillingshaver i løpet av en periode på to år er tildelt til sammen 12 prikker, skal kommunestyret inndra bevillingen for et tidsrom på én uke. Dersom det i løpet av toårsperioden blir tildelt flere enn 12 prikker skal kommunestyret øke lengden på inndragningen tilsvarende.*

*Ved beregning av toårsperioden skal overtredelsestidspunktene legges til grunn.*

*Toårsperioden gjelder uavhengig av om bevillingen er fornyet i løpet av perioden, jf. alkoholloven § 1-6. Ved overdragelse begynner ny periode på overdragelsestidspunktet, jf. alkoholloven § 1-10 første ledd.*

**§ 10-3. Følgende overtredelser fører til tildeling av åtte prikker:**

- salg, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år, jf. alkoholloven § 1-5 annet ledd



- *brudd på bistandsplikten, jf. § 4-1 annet ledd i denne forskriften*
- *brudd på kravet om forsvarlig drift, jf. alkoholloven § 3-9 og § 4-7*
- *hindring av kommunal kontroll, jf. alkoholloven § 1-9.*

**Følgende overtredelser fører til tildeling av fire prikker:**

- *salg og utlevering til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 3-1 i denne forskriften, skjenking til person som er eller må antas å bli åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 4-2 første ledd i denne forskriften*
- *brudd på salgs-, utleverings- og skjenketidsbestemmelsene, jf. alkoholloven § 3-7 og § 4-4*
- *skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 til person på 18 eller 19 år, jf. alkoholloven § 1-5 første ledd*
- *brudd på alderskravet til den som selger, utleverer eller skjenker alkoholholdig drikk, jf. alkoholloven § 1-5 tredje ledd.*

**Følgende overtredelser fører til tildeling av to prikker:**

- *det gis adgang til lokalet til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, eller bevillingshaver sørger ikke for at person som er åpenbart påvirket av rusmidler forlater stedet, jf. § 4-1 i denne forskriften*
- *mangler ved bevillingshavers internkontroll, jf. alkoholloven § 1-9 siste ledd, jf. kapittel 8 i denne forskriften*
- *manglende levering av omsetningsoppgave innen kommunens frist, jf. kapittel 6 i denne forskriften*
- *manglende betaling av bevillingsgebyr innen kommunens frist, jf. kapittel 6 i denne forskriften*
- *brudd på krav om styrer og stedfortreder, jf. alkoholloven § 1-7c*
- *gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestedet, jf. alkoholloven § 1-8 annet ledd*
- *gjentatt diskriminering, jf. alkoholloven § 1-8 annet ledd.*

**Følgende overtredelser fører til tildeling av én prikk:**

- *brudd på kravet om alkoholfrie alternativer, jf. § 4-6 i denne forskriften*



- *brudd på regler om skjenkemengde, jf. § 4-5 i denne forskriften*
- *konsum av medbrakt alkoholholdig drikk, jf. § 4-4 i denne forskriften*
- *gjester medtar alkohol ut av lokalet, jf. § 4-4 i denne forskriften*
- *brudd på krav om plassering av alkoholholdig drikk på salgssted, jf. § 3-3 i denne forskriften*
- *brudd på vilkår i bevillingsvedtaket, jf. alkoholloven § 3-2 og § 4-3*
- *brudd på reklameforbudet, jf. alkoholloven § 9-2, jf. kapittel 14 i denne forskriften*
- *andre overtredelser som omfattes av alkoholloven § 1-8 første ledd, jf. blant annet alkoholloven § 3-1 sjette ledd, § 4-1 annet ledd, § 8-6, § 8-6a, § 8-12 og § 8-13.*

*§ 10-4. Dersom det foreligger helt spesielle og svært formildende omstendigheter, kan kommunen tildele færre prikker for en overtredelse enn det som følger av § 10-3.*

*Dersom det foreligger svært skjerpene omstendigheter, kan kommunen tildele flere prikker for en overtredelse enn det som følger av § 10-3. Kommunestyret kan ved svært skjerpene omstendigheter også øke lengden på inndragningen utover det som følger av § 10-2, i de alvorligste tilfellene for resten av bevillingsperioden.*

*Dersom omstendigheter som nevnt i første og annet ledd vektlegges, skal dette begrunnes særskilt i vedtaket.*

*§ 10-5. Der det foreligger grunnlag for prikktildeling, skal kommunen sende ut forhåndsvarsel om tildeling av prikker, jf. forvaltningsloven § 16.*

*Kommunestyret fatter enkeltvedtak om tildeling av prikker. Bevillingshaver skal i forbindelse med vedtaket orienteres om mulige konsekvenser ved ytterligere prikktildelinger.*

*Vedtaket etter annet ledd kan påklages etter forvaltningslovens regler. Der klageretten ikke benyttes, kan tildelingen av prikker likevel påklages i forbindelse med klage på senere vedtak om inndragning hvor tildelingen av prikker inngår som grunnlag.*

*§ 10-6. Dersom tildeling av prikker danner grunnlag for inndragning, skal kommunen sende ut forhåndsvarsel om inndragning av bevillingen, jf. forvaltningsloven § 16.*



*Kommunestyret fatter enkeltvedtak om inndragning av bevilling på grunnlag av tildeling av prikker.*

*Kommunen bør iverksette vedtak om inndragning innen fire uker etter vedtakelsesdato.*

*10-7.En bevilling kan inndras dersom den ikke er benyttet i løpet av det siste året. Bevillingen kan likevel ikke inndras dersom årsaken til manglende bruk av bevillingen er en hindring utenfor bevillingshavers kontroll og som han ikke med rimelighet kunne unngå eller overvinne følgene av. Dette gjelder bare i den utstrekning det kan antas at driften kan gjenopptas innen rimelig tid.»*

Kommunen sitt vedtak om inndraging kan påklagast til Fylkesmannen jf. alkohollova § 1-16.

## **8. Tid for iverksetjing**

Desse retningslinjer gjeld frå 15.06.2020 til og med 30.09.2024, jf. KOM 057/20